

Til Hordaland fylkeskommune

Oslo, 19. desember 2016

Søknad om produksjonsstøtte for festskrift til professor Olaf Almenningen

Som redaktørar av eit festskrift til ordbokredaktøren og målmannen Olaf Almenningen søker vi med dette dykk om økonomisk støtte til å få produsert boka. Novus forlag skal gje ut festskriftet for oss, og har kostnadsrekna det naudsynnte støttebeløpet til kr. 36 314,-, jf. den vedlagde prosjektkalkylen. Vi søker dykk om dekning for heile summen, men set også stor pris på å få dekt delar av beløpet.

Olaf Almenningen fyller 70 år 29. januar 2017. Han kjem frå Voss i Hordaland. Han er ein dyktig fagmann og har vore ei viktig og respektert røyst på sentrale område innanfor målvitskap og målarbeid i mange tiår. Vi har ønskt å få til eit skrift med artiklar som særleg dekkjer områda leksikografi, dialektologi, målrørsle og idrettsspråk, og responsen frå dei vi har invitert til å skrive, har vore overveldande. Skriftet kjem til å bestå av nyskrivne artiklar frå i alt 20 forfattarar. I tillegg kjem ein stutt biografi om jubilaranten, eit bibliografisk oversyn og ei helsingliste. Vi har lagt ved eit oversyn over bidragsytarane og dei ulike temaa dei skal skrive om.

Tida har vore for knapp til at det er realistisk å ha festskriftet klart til åremålsdagen hans, men vi tek sikte på å få ferdig boka slik at vi kan overrekkje henne til jubilaranten på ei tilstelling i slutten av mars 2017. Dermed må vi levere manuskriptet til forlaget heilt i byrjinga av januar 2017.

Det er meininga at Olaf ikkje skal få kjennskap til festskriftet før han får det overlevert, så vi ber om at alle som blir involvert i handsaminga av søknaden, respekterer dette.

Vi ser fram til eit snarleg svar frå dykk på søknaden vår. De kan vende dykk til Knut E. Karlsen, tlf. +47 90877487, e-post knut.e.karlsen@sprakradet.no eller Dagfinn Rødningen, tlf. +47 95709508, e-post dagfinn.rodningen@sprakradet.no.

Med venleg helsing

Knut E. Karlsen, Dagfinn Rødningen og Håvard Tangen

Vedlegg:

Prosjektkalkyle frå Novus forlag

Liste over bidragsytarar og tema